



## ÅRSMELDING FOR FRILUFTSFÖRENINGA VOLDA - 2022

### 1. Styret

Leiar: Runa Bakke

Nestleiar: Therese Moltadal

Kasserar: Bjørg Flø

Styremedlem: Sonja Håvik

Styremedlem: Cecilie Åmås

1.vara: Eli-Mette Lüthcke

2.vara: Mona Kile

Det har blitt halde eit styremøte. I tillegg har styret hatt jamn kontakt på styret si eiga facebookgruppe.

#### Valnemnd:

Aud Fagervoll

Sylvi Fossheim

#### Forretningsførar:

SpareBank1 Regnskapshuset SMN

#### Årsmøte:

I følgje vedtekten skal årsmøtet haldast innan 31.mars.

### 2. Medlemar

Talet på medlemer var 140 pr. 31.12.22 (familiemedlemskap). Ein nedgang frå året før. Dette kan skuldast ein skisesong der det vart få dameskikveldar og få damer som deltok.

### 3. Aktivitetar

I 2022 har vi kome tilbake til normalaktivitet etter koronapandemien.

Alla aktivitetane under, er omtala på [heimesida](#).

#### Mandagsturar

Vi har hatt 14 turar fordelt på desse kommunane: seks turar i Volda, fire i Ørsta, to i Ulstein, ein i Herøy og to i Sande. Ein tur vart avlyst. Totalt har 37 personar vore med på turane, og i snitt har det vore med om lag sju på kvar tur. Flest var med på

turen til Eidssætra i Austefjorden den 30. mai. Her var det med 21 personar! Kanskje ikkje så rart sidan Eidssætra er ei av dei skjulte perlene i Sunnmørsalpane.

### Dameskikveldar

Også i år blei det nokre måndagskveldar med snø som vi nytta godt. Totalt blei det åtte kveldar. 46 damer deltok og det var tre som styrte trekket/hjelpte til i bakken. Takk til Eli-Mette, Bjørg og Kirsti! Og takk til Volda skisenter for godt samarbeid!

### Hausttur

Turen gjekk til Jølster den 26. – 28. august. Nokre gjekk ein tur på eiga hand fredag før vi møttest til middag om kvelden, mellom anna til dagsturhytta Fjellro. Laurdag og søndag var det fellesturar. Laurdag gjekk vi over Jølstraegga. Lavt skydekke gjorde at vi gjekk glipp av litt utsikt, men det var likevel ein flott og kjekk tur. Søndag gjekk turen til det flotte utsiktspunktet Hamnanova. Nok ein vellukka hausttur! 17 personar var med.

[Nærmore omtale på den gamle heimesida](#)

### Barneturlaget

Barneturlaget kom i gang med aktivitetar og hadde fleire aktivitetar etter sommaren:

- Tur til Helgehornet
- Melshornløpet mini. Aktivitetar på Årneset
- Himmelvegen mot Botnasætra
- Reisa til adventstjerna i Kalsethola. Ansvar for lystoget

Det er krevjande å rekruttere ansvarlege til barneturlaget. I 2022 har det vore to eldsjeler som i hovudsak har stått for aktivitetane. Det er også lav deltaking på aktivitetane.

### StikkUT!

Også i 2022 har Friluftsforeninga Volda (FFV) samarbeidd med Volda kommune og friluftsråda om StikkUT! Det har vore både StikkUT! vinter, StikkUT! ski og sommar-StikkUT!

### Morotur

Det er lagt inn mange turar i Volda på [www.morotur.no](http://www.morotur.no), men det er potensiale for fleire. Det vart heller ikkje gitt opplæring i GPS og morotur i 2022. Dette kan framleis vere aktuelt for FFV å gjere, men i 2022 heldt friluftsråda digital opplæring. Det fungerte fint.

### Stadionparken

Vi har inngått avtale med Hamna dagsenter om at dei gjennomfører tilsyn med treningsapparata våre. Årleg tilsyn skal vi sjølv gjøre, og ev. større tiltak som vert avdekkja gjennom Hamna sitt tilsyn.

### Turstiar: merking, rydding og tilrettelegging

Arbeidet som vart starta i 2018 har halde fram også i 2022. Merkinga skjer i samarbeid med Volda kommune, og Hamna dagsenter lagar merkepinnar.

Nytt i 2022 er samarbeid med valfagklasse på Volda ungdomsskule som bygger kloppar til å legge ut på våte/myrete område. Det vart lagt kloppar på stien mellom Turnhytta og Dundehoff hausten 2022 av ein ivrig dugnadsgjeng. Lenger kom vi ikkje før snøen dala ned.

Stimerkingsarbeidet blir satt stor pris på, både av dei som går på tur, og også av dei som støttar oss økonomisk. I 2022 fekk vi kr. 40.000 frå Sparebanken Møre (klopping), kr. 50.000 frå Sparebank1 Søre Sunnmøre (klopping) og kr. 25.000 frå SparebankenVest (skilt). Denne støtta er avgjerande for dette arbeidet.

Vi samarbeider med andre lag og organisasjonar. I 2022 har det vore samarbeid med Bjørkedalen som har skilta ein god del ruter i sitt område.

### Frivilligheitsåret 2022

Saman med KFUM volleyball, VTI diskgolf og Volda kommune arrangerte vi «[Full fart på Årneset](#)». Friluftsforeninga stod for natursti i Elvadalen og pølser, frukt og saft på Årneset. Elles var det ordførarens tur opp Elvadalen, sandvolleyballturnering for aldersgruppa 13 – 19 år, og dei som ville fekk prøve diskgolf.

## 4. Heimeside/sosiale medium

FFV har hatt heimeside sidan 2006. Namnet på sida er [www.friluftsforeninga.no](http://www.friluftsforeninga.no). Løysinga for heimesida var i ferd med å gå ut på dato. Hausten 2022 fekk vi difor ny heimeside. I samband med dette, fekk vi også ny logo.

### Facebook:

*Friluftsforeninga Volda, Friluftsforeningas Barneturlag og StikkUT!*

*Friluftsforeninga Volda* har grupper på facebook (fb). *Friluftsforeninga Volda* har litt over 1300 medlemar, *Friluftsforeningas Barneturlag* litt over 1000 og *StikkUT!*

*Friluftsforeninga Volda* 800. Også i 2022 er det ein liten auke frå året før. Ein del av dei som er med i desse gruppene er ikkje medlemar i FFV, men dette er ein fin måte å gjere aktivitetane i Friluftsforeninga kjende på og til å rekruttere nye medlemar. Vi brukar også fb til å informere om andre arrangement som vi trur kan vere interessante for dei som følger oss.

Friluftsforeningas barneturlag har i tillegg til fb-gruppe og så fb-side. Denne vart oppretta i 2021.

FFV har konto på **Instagram** med 426 følgjarar. Vi har også ein **Twitterkonto** som er lite i bruk.

## 5. Økonomi

Økonomien i laget er god.

### Magne Haugens mingefond:

Årsmøtet 2020 vedtok at øvre grense for tildeling pr. år skal vere kr. 300.000

Vi fekk inn fem søknadar i 2022 og det vart gjort følgande tildeling, alle i mars:

- Ørsta skisenter: Kr. 80.000 til element i barneparken
- Hornindal skisenter og IL: Kr. 100.000 i tilskot til skileikområde/skicrossløype ved skisenteret
- Sunnmørsk klatrekubb: kr. 35.778 til brattkort og utstyr

Total tildeling i 2022 var kr. 215.778

Nokre av tildelte midlar frå tidlegare år, har blitt betalt ut i 2022.

## 6. Oppsummering/vurdering

**Kjerneaktivitetane** er framleis mandagsturar, skidamer, haustattur, StikkUT!-samarbeid med kommunen og barneturlaget sine aktivitetar. Vedlikehald av treningsområda i Stadionparken vil også vere viktig framover.

I tillegg er tilrettelegging for friluftsliv viktig. Dette gjeld til dømes merking, skilting og klopping av stiar og turområde, stirydding og StikkUT!. Dette bør vere ei satsing for FFV framover, saman med andre lag og organisasjonar i kommunen, og i samarbeid med Volda kommune.

Vi bør sjå nærmare på korleis vi kan rekruttere fleire til å delta på barneturlaget sine aktivitetar.

Styret i Friluftsforeninga Volda, 01.03.2023

*Runa Bakke  
leiar (sign.)*

*Therese Moltudal  
nestleiar (sign.)*

*Bjørg Flø  
kasserar (sign.)*

*Cecilie Åmås  
Styremedlem (sign.)*

*Sonja Håvik  
styremedlem (sign.)*

*Styret har godkjent årsmeldinga*